

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 03.10.2019
Vår ref.: 2019/316-44
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 -2023

Etter kommune og fylkestingsvalet 2019 er det behov for å velje nye kontaktpersonar til vassområdeutvala. Vi ber kommunane sende oppdatert liste over politiske kontaktpersonar med vara for 2019 -2023 så snart som mogleg etter val av desse. Send og inn oversikt over administrativ kontaktperson for din kommune med vara. For å få til god forankring i kommunen rår vi til at ordførar er kommunen sin politiske representant. Det er viktig at den adm.personen har ein rolle innan fagtema plan, vatn,avløp eller landbruk, som er det området kommunen er sektormynda på etter Vassforskrifta. Sjå vedlegget over kven som sit som kontaktpersonar hjå dykk pr i dag.

Kommunane har fram til og med 2019 vore representert i Hordaland vassregionutval ved ein politisk valt person og ein administrativ kontaktperson (bisitjar). Vassregionen er delt inn i vassområda Hardanger, Sunnhordland, Vest, Nordhordland og Voss- Osterfjorden. Dei same kontaktpersonane har vore representert både i vassregionutvalet og vassområdeutvalet. Vassregionutvalet er leia av fylkeskommunen medan vassområdeutvala er leia av ein kommune i vassområdet.

Frå årsskiftet vert vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland slege saman til Vestland vassregion. I høyringsutgåva til planprogrammet for den nye vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion, er det føreslege at kommunane vert representert i Vestland vassregion med ein kommune frå kvart vassområde. Det betyr i praksis at arbeidet i vassområdeutvala vert viktigare for kommunen. .Eit eige forum for dei administrative kontaktpersonane er oppretta (kalla prosjektgrupper). I vassområdeutvala er kommunane sentrale aktørar og utvalet er eit samarbeidsfora for kommunane om vassforvaltning. Statlege etatar vert invitert inn til møta når relevante tema står på programmet.

Både kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar har verkemiddel til å betre tilstanden i vatn. Vassforskrifta krev at vi utarbeider ein regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram. Fylkeskommunen har det koordinerande ansvaret for å utarbeide vassforvaltningsplanen. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er plikta til å bidra inn i arbeidet. Vassregionutval og vassområdeutval er oppretta for å få til samarbeide om dette.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 kontaktpersoner-hordaland-vassregion pr 2.10.2019